



Referat frå styremøte i Haugaland Golfklubb tysdag 21. januar 2020 kl 16.30

Stad : Klubbhuset

Frammøte: Kristian Birkeland, Jorunn Skåden, Nils Skiftestad, Sissel Frøyland, Normann Austvik og Gavin Hinds

Ikkje til stade:, Gunnar Braut

Sak 01/20 Godkjenning av innkalling, saksliste og referat frå siste møte

Innkalling, saksliste og referat frå sist møte vart samrøystes godkjent.

Sak 02/20 Godkjenning av årsmelding

Kristian glekk gjennom framlegg til årsmelding. Det mangla noko frå undergruppene. Kristian fekk fullmakt til å slutføre årsmeldinga.

Sak 03/20 Godkjenning av rekneskap

Årets og tidlegare års inntekter frå «Onsdags-scramble» er ført inn i rekneskapen. Det vart bestemt å føre dette som «gjeld» i balansen. Dette fordi inntektene frå denne turneringa vert disponert av spillerane og vert for ein stor del nytta til veldedige føremål. Det vert utarbeidd eigen note om dette i rekneskapen.

Med dette vart rekneskapen godkjent.

Sak 04/20 Godkjenning av årsmøteinnkalling og årsmøtedokument

Sakslista og øvrige årsmøtedokument vart godkjent.

Det er ikkje framlegg om å auke medlemskontingenten

Det vart utarbeidd framlegg til budsjett for 2020

Sak 05/20 Medlemsmøte i etterkant av årsmøte

Tema på medlemsmøte vert:

Orientering av nyvalgt styreleiar. (Kristian)

Orientering om nytt handicap-system. (Gavin)

Terminliste 2020. (Pål)

Open post om klubbaktivitetar 2020. (Jorunn)

Sak 06/20 Terminliste og årsplan

Kort gjennomgang av framlegg til terminliste. Pål slutfører denne i samarbeid med Gavin.

Årsplanen vert tatt opp igjen på neste styremøte.

Sak 07/20 Framlegg til nytt reglement for reisestøtte

Framlegg til nytt reglement vart godkjent

Sak 08/20 Rapport frå golftinget (Jorunn)

Jorunn informerte frå golftinget og vil ta hovudpunkta frå diskusjonane der med i innleiinga på medlemsmøte, i etterkant av årsmøte.

Kristian Birkeland
Referent